



Saksframlegg

Deltaking i innovasjonsprosjekt: KraftTAK

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 KraftTAK - Ensider.pdf
- 2 Pitch innovasjonsprosjekt 'KraftTAK'.pptx
- 3 Utlysing frå Forskningsrådet: [Forskning og innovasjon for store utfordringer i offentlig sektor](#)

Bakgrunn for saka:

På representantskapsmøtet i Kraftkompetanse KO i juni 2025 la styret fram ein oversikt over oppgåver som styret ønskte at Kraftkompetanse skulle jobbe med framover. Nokre av oppgåvene var relatert til å byggje opp eit kompetansesenter med tilgang til fleire ressursar:

10	Kompetansesenter, felles ressursar	Følgje opp initiativ til felles løysingar/ kunnskapsgrunnlag i saker som ein er sjeldan borti. Dra nytte av kvarandre sine erfaringar. Vere tettare på kommunane for å sjå kva for potensiale som ligg i alt rundt naturressursar.	2026
11	Større fagnettverk i KKO	Mål om at kommunar kan nytte Kraftkompetanse til støtte i sakshandsaming i samband med energiprojekt i eigen kommune.	2027 - 2028

Representantskapet støtta denne planen for utvikling av føretaket.

I august fekk Kraftkompetanse KO førespurnad frå SINTEF om å delta i eit innovasjonsprosjekt relatert til forskning og innovasjon for store utfordringar i offentlig sektor. Forskningsrådet skriv i utlysingsteksten at føremålet med utlysinga er å finansiere forskning og forskingsbasert innovasjon i, med og for offentlig sektor, for å bidra til å løyse store samfunnsutfordringar, der offentlig sektor spelar ei sentral rolle.

Tildeling per prosjekt er 20 – 25 MNOK og prosjektvarigheit er inntil 36 månader. Minimum 30% av budsjettet må bli nytta av offentlig sektor verksemd. Prosjektet vert 100% finansiert av Forskningsrådet, det er ingen krav til eigenfinansiering.

SINTEF ønskjer å ha med Kraftkompetanse og eigarkommunane som representantar for offentlig sektor i prosjektet. SINTEF har definert kraftsektoren som fokusområde for deira

innovasjonsprosjekt med tittelen: KraftTAK - Bærekraftige tiltak i kraftkommuner for økt Trygget, Aksept og Kunnskap. Kommunane vil stille med nye eller pågåande energisaker som kommunen er engasjert i. Desse vil vera utgangspunkt for forskarane når dei skal utvikle metodar og verktøy som kan hjelpe kommunen og kompetansesenteret i å gjennomføre konsekvensanalysar, velje gode kommunikasjonsstrategiar, og sikre inkluderande prosessar som fremjar sosial berekraft i komplekse saker. Prosjektet vil i tillegg til fagkompetanse om energisektoren ha eit tverrfagleg forskarteam, med deltaking frå mellom anna CICERO (samfunnsfag og sosial berekraft) og NTNU Gjærevollssenteret (biologi og økologi). Kommunane og kompetansesenteret vil i prosjektperioden også få tilgang på ulik kompetanse frå forskarorganisasjonane som dei kan dra nytte av i sakshandsaming.

Minimum budsjett for offentleg sektor vil vera rundt 2,5 MNOK per år i tre år. Av dette er det planlagt at 500 000 kr/år skal gå til oppbygging av kompetansesenteret i Kraftkompetanse. Dersom alle 8 kommunar i Kraftkompetanse vil delta i innovasjonsprosjektet, vil kvar kommune i tillegg få tildelt eit budsjett på 250 000 kr/år. Dersom til dømes 6 kommunar vert med, vert budsjettet per kommune på 333 000 kr/år.

Tidsplan for prosjektet er som følgjer:

- Frist for å søke forskingsmidlar: 24. september 2025
- Tildeling av forskingsmidlar: desember 2025
- Prosjektoppstart: mellom februar og mai 2026
- Varigheit: 36 månader

Innovasjonsprosjektet er avhengig av å få tildelt midlane frå Forskningsrådet for at prosjektet skal bli gjennomført.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Delta i nasjonale og internasjonale prosjekt som fører til innovasjon og nytenking

Forskingsteamet ønskjer at kommunen skal stille med reelle saker (nye eller pågåande) frå eigen kommune relatert til kraft. Dette kan vera alt frå solkraft, pumpekraft, effektkraftverk, nettutbygging, tilkopling av kraftintensiv industri, datasenteretablering, bruk av overskotsenergi/rest varme eller andre komplekse kraftsaker. Kompetansesenteret, som i parallell vil bli bygd opp i Kraftkompetanse, vil også bli kopla på og bidra inn mot desse sakene.

Forskarane vil nytte sakene som kommunane jobbar med til å utvikle metodikk og verktøy i gjennomføring av konsekvensanalysar av kraftsakene i samspel med kommunane og kompetansesenteret. Målet er at desse metodane og verktøya skal bidra til skånsam måloppnåing og å skape auka forståing og aksept for avgjersler gjennom betre vitskapeleg avgjerdsunderlag. Innovative kommunikasjonsstrategiar for å betre tryggleik, aksept og kunnskap i kommunane er også eit mål.

Kommunen sin del av budsjettet skal bli nytta til faktiske kostnader som kommunen har relatert til prosjektet. Dette kan vera til dømes:

- Personal- og indirekte kostnader som vert nytta til å jobbe med dei aktuelle kraftsakene.
- Deltaking på kurs, seminar og workshops.

Fordelar

- Kommunen får økonomisk støtte til å handsame saker som kommunen uansett må jobbe med. Det er ingen krav til eigenbidrag.
- Kommunen får tilgang på fagleg støtte frå eit breitt forskingsteam til komplekse kraftsaker.
- Kommunen får teste ut verktøy som skal hjelpe i sakshandsaminga.

Pliktar

- Kommunen må dele aktuelle kraftsaker med innovasjonsprosjektet.
- Kommunen må setje av ressursar til å nytte avtalt årleg budsjett.

Konklusjon:

Kommunaldirektøren er positiv til at Fyresdal kommune deltek i dette innovasjonsprosjektet saman med Kraftkompetanse, andre kommunar i regionen og Sintef med samarbeidspartnarar. Kommunedirektøren meiner at deltaking i dette prosjektet vil gje oss drahjelp og kompetanse til gjennomføring av prosjekta rundt til dømes datasenteretablering og bruk av overskotsenergi.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Fyresdal kommune vedtar å delta i innovasjonsprosjektet KraftTAK - Bærekraftige tiltak i kraftkommuner for økt Trygget, Aksept og Kunnskap.
2. Dersom innovasjonsprosjektet får tildelt midlar frå Forskningsrådet pliktar kommunen å:
 - a. Dele aktuelle kraftsaker med prosjektet.
 - b. Nytte sin del av budsjettet, mellom 250 000 og 330 000 kr/år over tre år, på aktivitetar relatert til prosjektet; til dømes sakshandsaming, seminar eller kurs.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør